




## Kort tur med flott utsikt


Turen startar ved demningen i Ridalen. Gå over brua som kryssar Ridøla, ta til venstre og gå inn på ny veg. Vegen går inn til Vesletjørn der ein finn ei skogshytte. Like ved hytta står ein omn som vart nytta til tjærebrenning i gamal tid.

Etter kvart tek stigen av mot høgre og går bratt opp lia. Når du kjem på eit myrparti tek du meir mot høgre, og etter ei kraftig stigning når du toppen. Der blir du lønna med flott utsikt utover dalen.

 Køyr Rv. 7 til Trillhusbrua, kryss Hallingdalselva og køyr gjennom jernbaneundergangen og fylg Ridalsvegen (ca. 4,5 km frå Rv. 7). Bomveg.

 Ved demningen i Ridalen.

 3 km t/r. 636 - 820 moh.

 Tjærebrenningsomn. Torpo stavkyrkje frå omkring år 1160 er verdt eit besøk før eller etter turen.



 Fin stig, nokon bratte parti.



Foto: Bård Svardal



For meir detaljert kart sjå: Tur- og sykkelkart Al/Gol/Hemsedal 1:60 000.



Foto: Bård Svardal

